Min elskede mann,
vår kjære pappa,
besten og oldebesten
storebror, svoger,
svigersønn,
onkel og venn

Kristian B. Helland

født 18. august 1947
døydde frå oss
25. oktober 2026

Annbjørg

Anne Karin
Svanhild - Håkan
Ritha
Trude

Kristoffer
Bård Kristian - Johanne
Ida Marie - Hugo
Gard Mathias

Elly Synneva og Walter

Søsken, slekt og venner

Et langt liv
har satt sine spor,
i hjertene til liten og stor.
Takk for minnene
til det siste.
Så god å ha,
så vond å miste.

Bisetjing i Fusa kyrkje
fredag 6. november
kl. 10.00.

Sjå gjerne minnesida
til Kristian på
www.fs-byraa.no

Vår alles kjære

Arthur Hagevik

født 30. november 1934
sovnet stille inn i dag.
Luranetunet,
28. oktober 2026

Atle - Nina
Toril - Jan Magne
Kjersti
Berit

Barnebarn, oldebarn
og tippoldebarn

Takk for smil
og gode minner.
Hvil i fred.

Bisettelsen vil finne
sted med nærmeste
familie til stede.

www.osgravferdsbyraa.no

HELSINGAR



Thale Rydland Knarvik
3 år
Skjønne prinsessa vår i dag 3 år blir
og masse god kake i magen ned sklir.
Du er vittig, snill og blid,
men også viljesterk og stri.
Er bestemt med dine brødre to
når du vil sysle i fred og ro.
Gratulerer så mykje med dagen vår vesle «kakesmakar»,
Masse bursdagsklemmar frå farmor og farfar.

Vår kjære

Turid Jensen

født 29. november 1935
sovnet stille inn
Luranetunet / Os
23. oktober 2026

Rolf

Kari - Harald

Toril - Truls

Barnebarn og oldebarn

avholdt og savnet

Minnestunden
har funnet sted i stillhet.

I stedet for blomster ønskes
en gave til
behandligsavdelingen på
Luranetunet.
Kontonummer 15067074685
Merkes med 25200370 /
Turid

www.abbedissen.no

BLI ABONNENT

Tett på det som angår deg

Scan QR-koden for å abonnera

Os&Fusaposten

E-avis og digitalt arkiv



Sjekk gullgruva vår

— Trudde vi kanskje kunne kjempa om éin medalje, men ungdomane hadde heilt andre planar

Sport

Det fortel leiaren i Os Juniorbridgeklubb etter junior-NM

Os Juniorbridgeklubb var på tur til Lista i Farsund kommune førre helg for å spela noregsmeisterskap i bridge for juniorar.

Os stilte med totalt 21 deltakarar i tre ulike klassar. Det var eit godt lag med totalt 27 born og 11 heiaforeldre på tur.

Klassane er delte inn i «Rekrutt», der dei ferskaste spelar, «Vidarekomne» for dei som har halde på nokre år, og «Landslagsklassen».

Vi hadde sterke deltakare i alle klassane.

Turen var veldig kjekk. Utanom bridgespelinga, som var hovudattraksjonen, kunne ungane vera med på mellom anna bordtennis, symjing og mykje anna knask.

Det var strålande innsats frå samtlege deltakarar uavhengig av plassering, og det var svært overraskande at vi fekk så mange medaljar. Underteikna hadde rekna med at vi kunne kjempa om éin medalje denne gongen, men tok skrekkeleg feil. Ungane hadde heilt andre planar.

Etter to heile dagar med bridge enda det med to gull og to bronse etter ein ekstremt spennande innspurt.



Gull til Oda Marie Heimvoll og Ida Sophie Walde frå Os og bronse til Victoria Valkner og Josephine Valkner.

Ida Sophie Walde frå Os spelte i vidarekomneklassen saman med ei venninne frå Båro Bridgeklubb og viste seg å vera heilt suveren. Bronsen til systrene Valkner dukka opp heilt på slutten og var definitivt meir av det overraskande slaget.

Jentene har ikkje spelt så lenge, men har hatt ei strålande utvikling, og det synte dei til gagns på slutten. Gjennom turneringa låg dei jamt over på 5.-8. plass, opp og ned. Så klinka dei til i dei to siste rundane og vann bronsen med berre to poeng.



Gull til Henrik Eikrem Riley og Luka Tvedt Thuen og bronse til Sebastian Dhindsa og Kian Emin Burgman.

BEGGE FOTO: OS JUNIORBRIDGEKLUBB

I rekruttklassen låg dei håpefulle våre på høvesvis 2. og 6. plass før aller siste runde, der alt klaffa. Henrik og Luka spelte mot dei som leidde før siste runde, leverte episk bridge og sikra førsteplassen.

Sebastian og Kian var ikkje noko snauare. Dei spelte superbra og vann bronsen med ikkje meir enn 0,4 poeng, så det var skikkeleg stang inn.

Alt i alt var det ei fantastisk helg på Lista, og vi er veldig stolte av dei flotte ungdomane våre!

Tarjei Vangdal
Leiar
Os Juniorbridgeklubb

Kjøparen får lang veg til fritidsbustaden i Sævareid

Bustad

Træo 29 er seld.
– Både kjøpar, seljar og meklar er godt nøgd, seier Jørn Tage Hereide.

Kenneth Svenningsen

Meklaren i Aktiv Eiendomsmegling kunne tidlegare i månaden melda om god interesse for einebustaden i Sævareid, som han nett hadde lagt ut på marknaden. Ikkje minst grunna ein svært gunstig utropspris, på smålåtne 690.000 kroner.

– Det er ein veldig låg pris i dagens marknad, men det må leggjast til at det må gjerast ganske mykje med eigedomen, sa Hereide til Os & Fusaposten då.

Hovudbygget vart reist tilbake på 1930-talet og er på 175 kvm.



Det er ikkje noko å seia på utsikten og naturen i området rundt Træo 29.

FOTO: AKTIV EIENDOMSFORMIDLING

Familie frå London

Meklar Hereide hadde seks interessentar som alle vurderte å slå til på eigedomen i høgda over Sævareidfjorden.

– Dei som fekk tilslaget, er ein familie frå London.

– Frå London?

– Hehe, ja. Dei hadde lenge vore på jakt etter ein fritidsbustad i Noreg. Målet var å finna ein plass i nærleik av fjord og fjell. Det kan me trygt seia at dei fann med denne eigedomen i Træo 29, seier Hereide.

Han fortel at eigedomen til slutt gjekk for 650.000 kroner.

– Det var ein god del å gjera på eigedomen. Kva tankar har kjøparane om det?

– Det var dei heilt innforstått med. Det var også noko av det som tiltalte dei. Dei ville gjera mykje sjølve og såg fram til å pussa opp eigedomen, fortel Hereide.

Ikkje så langt...

Meklaren veit at kjøparen har familie og born og at dei er busette i London, men korleis dei har tenkt å få nytta fritidsbustaden på jamnleg basis, er han usikker på.

– Dei sa at dei var klare for å bruka det meste av feriane sine på eigedomen framover, men korleis det blir med helger og slikt, er vel meir uvisst.

– Rimeleg langt for ein weekend?

– Ja, eller, det tek vel ikkje så mykje lengre tid enn det gjer for ein familie frå Bergen å køyra til hytta si på Geilo. Det er jo mange som gjer det, humrar Hereide.